



Høyringsvar på NOU 2016:14 Mer å hente Bedre Læring for elever med stort læringspotensial

Kommunane i **Jærskulen**; Time kommune, Klepp kommune, Hå kommune og Gjesdal kommune støttar utvalet sine tilrådingar som er fordelt på tre hovudområde.

1. Rammebetingelsar.

Det gis støtte til utvalet forat det er behov for å tydeleggjera opplæringslova § 1- 3 om tilpassa opplæring og tidleg innsats, slik at det kjem tydeleg fram kva for elevar som treng tilpassa opplæring. Vi meiner det ikkje er rett å framheva berre elevar med særleg stort læringspotensiale. Dersom ein vel å endra ordlyden i § 1- 3, må spesifiseringa omfatta kjenneteikn som omhandlar alle elevar.

Omgrepet tilpassa opplæring har vore brukt gjennom fire tiår med ulikt innhald. Dette har ført til ulike tolkningar og forståingar av kva det inneber og og korleis dette skal gjennomførast.. Det bør søkjast å definera dette omgrepet slik at det vert berekraftig, og ikkje gjenstand for endring ved nye reformer og nye politiske retningar.

Vidare støttar vi utvalet i at det er handlingsrom innanfor dagens regelverk med tanke på differensiering for elevar med særleg læringspotensiale, som t.d framskoten skulestart, høve til å ta fag frå vidaregåande opplæring, å hoppa over ein klasse og bruk av 25% regelen. Det er likevel behov for å avklara forståinga av bruken av regelverket slik at regelverket blir brukt til beste for desse elevane.

Det er behov for større fokus på læreplanen og kva for moglegheiter som ligg i planen med tanke på elevar med særleg høgt læringspotensial. Ein eventuell ny læreplan må ha fokus på korleis ein kan gi elevar opplæring på eit høgt og avansert nivå.

2. Kunnskap, forsking og erfaring

Vi støttar utvalet i at det er behov for meir forsking om elevar med stort læringspotensial. Denne forkinga bør knyttast til lærarutdanninga og praksis i klasserommet. Skulane må få meir kunnskap om kven desse elevane er – og om korleis dei lærer.

Det er og viktig at tema tilpassa opplæring for elevar med stort læringspotensiale blir ein del av skuleleiar- lærarutdanning – utdanning i spesialpedagogikk og vidareutdanning for PPT.

3. Kompetanse og undervisningspraksis

Utvalet peikar på at det er behov for at skuleeigar byggjer kapasitet både på einskild skular og mellom skular med tanke på at det blir sett forkus på systematisk oppfølging av elevane sine læringsresultat. Dette støttar vi. Vidare støttar vi at skuleeigar og skuleleiarar må ta i bruk



eksisterande forskning om elevar med stort læringspotensial og sørgja for at det blir lagt til rette for fleksibel organisering på skulane med tanke på elevar med stort læringspotensial.

Fremragende læringsmiljø er eit omgrep som blir lansert i utgreinga. Utvalet peikar på at læringsmiljøet ofte ikkje er optimalt med tanke på læring for alle elevar.

Vi støttar at det blir sett fokus på læringsmiljøet og kva som fremmar læring for alle elvevar.

Prinsipp for læring som er særleg viktige for elevar med stort læringspotensiale er

Identifisering og anerkjenning, pedagogisk differensiering og organisatorisk dfferensiering.

Sjølv om prinsippet om tilpassa opplæring har vore gjeldande i skulen i førti år, er det stor variasjon i kva som blir lagt i innhaldet tilpassa opplæring. Her er det behov for ei tydeleg avklaring og klare føringar frå sentralt hald om kva som er tilpassa opplæring. Slik det er nå er det opp til den einskilde kommune/skule å gje tilpassa opplæring eit praktisk innhald.

Både skuleleiing og politikarar i Jærkommunane har drøfta dei utfordringane som ligg i å gje eit endå betre tilbod til skuleflinke elevar, og vi veit at mange av desse får eit tilrettelagt tilbod, stundom i samarbeid med vidaregåande. Når situasjonen ikkje er betre, er det nok fleire årsaker til det. Noko kan skuldast manglande merksemd ovanfor denne elevargruppa og noko kan skuldast manglande differensiering frå lærarane. Det er likevel og slik at knappe ressursar fører til at andre elevkategoriar blir prioriterte foran. NOU 2016:14 fører uansett til at skuleleiinga i Jærkommunane vil ta ein ny runde for å retta merksemd også mot dei skuleflinke.

WWW.TIME.KOMMUNE.NO

